

Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## Høring - etablering av Senter for framifrå utdanning (SFU)

Høgskulen viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet 18.09.09 vedrørande etablering av Senter for framifrå utdanning (SFU). Innstilling frå ei arbeidsgruppe nedsett av UH-rådet har vore drøfta i organisasjonen, og styret for høgskulen vil gje følgjande fråsegn i saka:

Høgskulen i Sogn og Fjordane ser positivt på forslaget om å etablere ei ordning med senter for framifrå utanning. Gjennom ei slik satsing vert undervisnings- og utdanningskvalitet i høgere utdanning løfta fram på ein god måte. Etter innføring av Kvalitetsreforma har det vore arbeidd mykje med utdanningskvalitet. Evaluering av reforma ga lite svar på kva resultat som var oppnådd. Ordning med etablering av eigne senter for framifrå utdanning kan verte ein pådrivarar for å auke status og kunnskap om dette arbeidet. Det vil og gjere utdannings- og forskingsområda meir sidestilte innan høgere utdanning, jf ordninga med senter for framragande forskning.

Det er foreslått oppretting av 15 – 18 SFU over ein periode på tre år. Eit senter får finansiering og status for fem år, med høve til forlenging med tre år. Høgskulen meiner det er viktig at finansieringa er god, og vil peike på at det tek tid å etablere eit senter.

Høgskulen har merka seg at arbeidsgruppa bak innstillinga har endra ordlyden frå ”sentre for framifrå undervisning til utdanning”. Eit hovudargument er at utdanning femnar om meir enn undervisning. Undervisning kan forståast som forholdet mellom lærar og student medan utdanning inkluderar til dømes både undervisning, utviklingsarbeid, organisering, leing og administrativt støtteapparat. Høgskulen stør denne endringa.

### Kriterier for tildeling

Høgskulen meiner at dei tre hovudkriteria *utdanningskvalitet*, *innovasjonskvalitet* og *spreiingskvalitet* dekkjer vesentlege område som bør ligge til grunn for tildeling av senterstatus. Det er foreslått eit sett av vurderingskriterier under kvart hovudkriterium som skal ligge til grunn for vurdering av søknader. Høgskulen meiner desse kriteria må brukast med stor fleksibilitet, slik at dei ulike sentra kan dyrke fram eigenart og fagleg profil.

Forholdet mellom undervisning og forskning er lite omtalt i innstillinga. Dei to felta heng nøye saman, særleg sett i lys av krav om forskingsbasert undervisning. Høgskulen er også opptatt av korleis forskning på eigen praksis og vidareutvikling av utdanningane skal ivaretakast.

Arbeidsgruppa framhevar at ei vesentleg oppgåve for dei nye sentra er å syte for *spreiing* av eigne kunnskapar og erfaringar i eigen institusjon og eksternt. Dette betyr at desse sentra skal fungere som ressursar på sine spesialområde. Spreiing bør inkludere formidling av forskning på eiga utdanning.

**Senter for profesjonsutdanningar**

Høgskulen har drøfta om det bør opprettast eigne senter for profesjonsutdanningane. Arbeidsgruppa har vurdert ulike måtar å synleggjere ei slik ordning. Høgskulen meiner at profesjonsutdanningane har faglege særtrekk og utfordringar som kvalifiserer for midlar til utvikling og kvalitetsarbeid. Ikkje minst gjeld dette lærarutdanningane. Tanken om eigne senter for profesjonsutdanningane vart difor godt mottatt i høgskulen.

Høgskulen ser på den andre sida at dette kan resultere i ei oppfatning av senter som vert liggande på sida av den generelle ordninga. Faren vert at eit senter for profesjonsutdanning vert oppfatta som senter med mindre status og fagleg prestisje enn dei andre. Utvikling av utdanningskvalitet er eit felles behov i heile sektoren. Etter ei samla vurdering vil høgskulen difor rå til at det vert oppretta ei felles ordning med senter for framifrå utdanning. Høgskulen meiner at fleksibel bruk av kriterier bør ivareta så vel akademisk- som meir profesjonsorienterte utdanningar sine sjansar i ein søknad om senteretablering.

Høgskulen ser fram til etablering av ei ordning med senter for framifrå utdanning.

Med helsing

Åse Løkeland  
rektor  
(Sign.)

Terje Bjelle  
studiedirektør  
(Sign.)